



Jarle Hundven  
Holtavegen 24 A  
5239 RÅDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3941 - 17/16502

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
07.06.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - søknad om utslepp - gbnr 58/121 Lygre indre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 31.05.2017.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### Slamtømming:

Omsøkte avløpsløyving krev at eigedommen kan knytast til den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår. Det må gå fram av innsende kart kor tømmebilen skal plasserast slik at vi kan vurdere om vilkåra for slamtømming er stetta, dvs maksimal avstand 100 meter frå køyrbar veg og 8 meter løftehøgde.

Den plasseringa av slamavskiljar som er vist i søknaden er ca 130 m frå felles parkeringsplass, og kan ikkje godkjennast. Eigedommen skal ikkje ha permanent kjøreveg, berre ein mellombels anleggsveg i byggeperioden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn innan 30.07.2017 Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfrist for handsaming av søknad om utsleppsløyve er 6 veker når søknaden er komplett.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jarle Hundven  
Langenes Bygg AS  
Stendal Vvs AS  
Vigdis Hundven

Holtavegen 24 A 5239  
Kvassnesvegen 19 5914  
Blombakken 1 5911  
Holtavegen 24 A 5239

RÅDAL  
ISDALSTØ  
ALVERSUND  
RÅDAL